



Møteprotokoll

Utval	Arbeidsmiljøutval
Møtestad	Rådhuset
Dato	24.06.2026
Tidspunkt	kl 13:00 - 14:00

Frammøtte

Grete Ulviksbakken	Arbeidstakarrepresentant
John Olaf Røhme	Arbeidsgjevarrepresentant
Jon Bolstad	Arbeidsgjevarrepresentant
Ruth Karin Kvam	Arbeidsgjevarrepresentant
Svein Bjarne Steig	Arbeidstakarrepresentant
Svein Tore Heltne	Arbeidstakarrepresentant

Andre som møtte:

Siri Kongsvik frå Avonova deltok digitalt.

Lærling i service- og administrasjonsfag Zarina Pohribna deltok som observatør.

Akankontakt Jonny Gjerde møtte i sak 9.

Underskrifter:

Grete Ulviksbakken
leiar

Svein Bjarne Steig

John Olaf Røhme

Saksliste

Saknr	Sakstittel
07/26	Konstituering av møte
08/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
09/26	Retningslinjer for Akan-arbeid
10/26	Val av AKAN-kontakt
11/26	Nytt verneområde - rus og psykiatri - ROP ved Grandmo miljøteneste
12/26	Orientering frå Avonova
13/26	Orienteringar, drøftingar og open post

07/26 Konstituering av møte

Arbeidsmiljøutval 24.06.2026

Handsaming

- Opprop, alle møtte.
- Innkalling, sakliste, dagsorden godkjent.
- Svein Bjarne Steig og John Olaf Røhme vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde.*

AMU - 07/26 vedtak

Svein Bjarne Steig og John Olaf Røhme vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

08/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Arbeidsmiljøutval 24.06.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

AMU - 08/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 26.03.26 vert referert utan merknader.

09/26 Retningslinjer for Akan-arbeid

Arbeidsmiljøutval 24.06.2026

Handsaming

Retningslinjer samrøystes godkjende. Viktig at det vert informert ut i einingane om retningslinjer og AKAN-kontakt. Informere på leiarsamling, personalmøte og kontaktinfo til AKAN-kontakt i alle einingar.

AMU - 09/26 vedtak

Retningslinjer for Akan-arbeid i Luster kommune vert godkjent slik dei ligg føre.

10/26 Val av AKAN-kontakt

Arbeidsmiljøutval 24.06.2026

Handsaming

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke. Jonny Gjerde vald til AKAN-kontakt 2 år frå no.

AMU - 10/26 vedtak

Jonny Gjerde vert vald som AKAN-kontakt i 2 år, for perioden 24.06.26 - 24.06.28.

11/26 Nytt verneområde - rus og psykiatri - ROP ved Grandmo miljøteneste

Arbeidsmiljøutval 24.06.2026

Handsaming

Tilrådinga vart samrøystes vedteken. Hovudverneombod følg opp val av verneombod.

AMU - 11/26 vedtak

Kommunedirektøren si tilråding:

Det vert oppretta nytt verneområde – Rus og psykiatri – ROP ved Grandmo miljøteneste. Hovudverneombod følg opp val av verneombod.

12/26 Orientering frå Avonova

Arbeidsmiljøutval 24.06.2026

Handsaming

Avonova la fram kunderapport, sjå vedlagt rapport.

AMU - 12/26 vedtak

Arbeidsmiljøutvalet tek rapporten til orientering.

13/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Arbeidsmiljøutval 24.06.2026

Handsaming

- Etterspurt oppfølging av spm stilt på sist møte om influensavaksinerings til tilsette ved Jostedal oppvekstsenter som ikkje kan forlate jobb og ikkje rekk vaksinerings i Gaupne. Kommunalsjef helse/omsorg vurderer tiltak i samråd med tilsette før neste vaksinerings.
- Forvaltningsrevisjon Bemanning, rekruttering og kompetanse er snart slutført. Endeleg rapport kjem til handsaming i AMU når den er klar.
- Forvaltningsrevisjon Internkontroll og avvikshandtering er i startfasen, har vore oppstartsmøte.
- Reglement under revidering: Etske retningslinjer og retningslinjer for vald, truslar og trakassering.
- Varslingsrutinene er reviderte og vedtekne.
- Ymse: Ny leiar AMU skal velgast på neste AMU-møte. Leiar førebur også val på aktuelle medlemmar i AMU.
- Neste møte planlagt til 29.09.26 kl 13

AMU - 13/26 vedtak

Orienteringar vert tekne til vitande.